



Samarbeidsavtale, etter vertskommunemodellen, om logopedteneste for kommunane:

Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen.

1. Føremål.

Føremålet med samarbeidet om logopedteneste, er å kunna stetta behovet for logopedteneste til alle kommunane som deltar i samarbeidet. Dette skal omfatte behovet innanfor både helse og opplæring.

2. Driftsansvarleg.

Austrheim kommune er vertskommune, og driv Fensfjorden PPT etter kommunelova § 20-2. Administrativt vertskommunesamarbeid. Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden deltar i dette samarbeidet. I avtalen om logopedteneste, deltar Modalen kommune i tillegg til dei kommunane som er ein del av Fensfjorden PPT.

Logopedtenesta er administrativt underlagt Fensfjorden PPT, der tenesteleiar har det faglege ansvaret for logopedtenesta.

3. Kompetanse.

Logopedutdanning.

4. Fordeling av årsverk og driftsutgifter.

Stillingsramma er ei fast stilling i 100%. Stillingsramma vert evaluert årleg. I tillegg er det lagt inn 150 000 i driftsutgifter. Dette skal mellom anna dekke reiseutgifter. Fordeling av løns- og driftsutgifter mellom kommunane som samarbeider om logopedteneste, vert utrekna med grunnlag i ei prosentvis fordeling. Fordelinga ligg prosentvis fordelt på dei ulike kommunane er som følgjer:

Austrheim:	26,7%
Fedje:	10%
Gulen:	26,7%
Masfjorden:	26,6%
Modalen:	10%

For 2022 er det lagt til grunn ei kostnadsramme på omlag 850 000,- kroner totalt sett, inkludert alle driftsutgifter, reise, utstyr, opplæring og sosiale kostnader. Kommunane forskotterer sin del av kostnadene kvart halvår; 1. januar og 1. juli. Fordelinga mellom kommunane vil årleg vurderast/justerast, samt at kostnadene årleg vert indeksregulert.

5. Kontorplass

Kontorplass og oppmøtestad er i utgangspunktet Austrheim, men vert avtalt i tråd med tenesta sitt behov.

6. Avtalevilkår

Avtalen gjeld frå 01.01.22

Avtalen kan seiast opp av kvar av partane med eitt års skriftleg varsel.

Ber om at avtalen vert signert og returnert til underteikna.

Stad:

Masfjordnes.

Dato:

13.07.23



Signatur